



DEN NORSKE KYRKJA

Lavik Sokneråd

## Møteprotokoll Lavik sokneråd

**Dato:** 8. januar 2025

**Stad:** Lavik kyrkjekontor

**Tilstades:**

Toril Lange, Katrin Borlaug Ringereide, Maria Zimmermann Espeseth, Eldrun Nordal, Regine Borlaug Pettersen, Inger Cecilie Fitje og Bjørn Harald Nybø.

Fråfall: Ingen.

### Ord til opning ved Maria.

**Godkjenning av innkalling, referat fra 16. august og sakliste. Ingen merknad.**

**Meldingssaker:**

**01/25: Sidan sist**

Gudsteneste 20. oktober: Rundt 20 stk. kom for å delta i gudsteneste der nokre av årets konfirmantar med foreldre deltok med musikk. Kyrkjekaffi etterpå. Takkoffer til TV-aksjonen (Barnekreftforeningen).

Gudsteneste 3. november: 23 møtte opp til helgemesse. Barn/ungdom deltok med lesing og tenning av lys.

Gudsteneste 1. desember: Konfirmantane deltok. Lysmesse.

Gudsteneste 24. desember: 75 møtte fram i kyrkja på julafana. Borna som var tilstades deltok i julespel. Det var mange flinke skodespelarar! Messingblåsalarar og Katrin på piano. Ei fin julegudsteneste for store og små.

Myldresamling 6. november, 27. november og 20.november: Born i barnehage-alder og born i 1. og 2. klasse har hatt samlingar ein gong i månaden. Song og bevegelsar, ulike skodespel og «myldring». Begge samlingane vert avslutta med eit kveldsmåltid. Det ligg på rundt 4-8 frammøtte, litt mindre enn tidligare, men det er mange som er råka av vegstenging på Lavikdalen.

Makisamling 15. nov: 9 stk kom på Makisamling der det vart laga mat og ulike aktivitetar. Innandørs denne gongen, grunna dårlig vær.

Salmekveld: «Vi syng jula inn». Nokre musikantar frå Fjordbrass deltok med musikk til ulike julesongar. Fin stund i kyrkja med ca. 35 frammøtte. Gode tilbakemeldingar.

I tillegg har det vore 2 vellukka julekonsertar i kyrkja, med godt oppmøte.

Inger Cesilie orienterte om konfirmantundervisninga og andakt som finn stad ein gong i månaden på Helsesenteret.

## **02/25: Nytt frå Fellesrådet**

Bjørn-Harald orienterte.

## **03/25: Møte om trusopplæringa i Kommunen**

Møtet fann stad den 3. desember. Det vart orientert om dei ulike aktivitetane i trusopplæringa i dei ulike sokna. Det vart også snakka om moglegheitene for å ha ei felles samling.

## **04/25: Høyring**

«Retningslinjer for tilskuddsforvaltning i den norske kyrkje»

Toril orienterte.

## **05/25: Aktivitetar framover**

Tårnagenthalg 18. og 19. januar: Eldrun lagar flaggermussuppe og Maria og Torunn er med å organisere saman med Toril.

Myldresamling barnehageborn: 22. januar, 12. februar og 12. mars.

Myldresamling 1. og 2. klasse: 15. januar, 5. februar og ein gong i mars.

Mat og Prat: Det vert 25. februar. Regine organiserer matlaging. Toril tek kontakt med Geir Sørebø. Regine lagar plakat som blir hengt opp veg kyrkja, på butikken og på helsesenteret. Toril deler plakaten på «Aktivitetar i Lavik»-sida på Facebook.

Årsfest 9. april: Torunn skal spør Wenche og Malvin om dei har lyst å spele trekkspelet. Det blir basar. Inntektene går til Kirkens Nødhjelp. Vi skal takke av kasserar. Det blir mest truleg kjøttkaker, men vi skal planlegge årsfesten vidare på neste møte.

Fasteaksjonen: 6. – 8. april: Gudstenesta den 6. april skal ha fokus på - og takkofferet går til fasteaksjonen. Vi snakkar litt om bøssebæring og Toril les opp summane på fjarårets innsamling. Det er noko variert kva som kjem inn av pengar, men det er stabile tal på innsamlinga. I år skal vi prøve å tenke på å få med oss fleire bøssebærere. Vi kan utforde andre, som for eksempel; fjarårets konfirmantar, tidlegare medlemmar av soknerådet og vara i soknerådet.

## **06/25: Arbeidet i soknerådet**

### **Kva er bra?**

- Positive folk å samarbeide med.
- Soknerådsmedlemmar i alle aldre.
- Alle er med å bidreg med det dei kan/ønsker.

- Får til mykje til å vere ei lita bygd.
- Vi har eit aktivt sokneråd med mykje kjekt – for store og små!

### Kva kan vi gjere annleis?

- Utfordre og engasjere andre enn medlemmar i soknerådet. Vara og tidlegare medlemmar, men også sambygdingar.
- Spør om det er andre enn medlemmar i soknerådet som vil vere kyrkjevert, lage mat eller vere med på andre måtar på ulike arrangement.

### Vedtaksaker

#### **01/25: Komande gudstenester/oppgåvefordeling**

Tårnagentgudsteneste 19. januar klokka 1100: Torunn og Maria er kyrkjevert og Torunn og Toril er klokkar. Dåp og kyrkjekaffi. Takkoffer til IKO.

Gudteneste 16. februar klokka 1800: Regine er kyrkjevert og Toril er klokkar. Kyrkjekaffi. Takkoffer til Bibelmisjonen.

Gudsteneste 19. mars klokka 1100: Eldrun er kyrkjevert og ein deltakar på Mariahelga på Alværa er klokkar. Kyrkjekaffi. Takkoffer til Dei fire diakoninstitusjonane.

Gudsteneste 6. april klokka 1800: Regine er kyrkjevert og Toril er klokkar. Kyrkjekaffi. Takkoffer til Fasteaksjonen.

17. april klokka 1900: Påskemåltid? Vi er litt usikker på om dette er noko vil skal halde fram med. Dette skal vi drøfte vidare på neste møte.

Desse av gudstenestene vert planlagt på neste møte:

20. april klokka 1100.

17. mai klokka 1315

29. mai – Konfirmasjonsgudsteneste

Friluftsgudsteneste 15. juni klokka 1200

#### **02/25 Val**

Følgjande vert einstemmig vedtatt:

Leiar: Toril Lange

Nestleiar: Katrin Borlaug Ringereide

Kasserar: Oddny Marie Bruåsdal

Regine held fram som skrivar.

Ymse:

Minnelund: Korleis vert dette praktisert i kommunen? Bjørn-Harald og Toril tek dette vidare i Fellesrådet.

Liv Aven sluttar som kasserar og soknerådet takkar for jobben.

**Neste soknerådsmøte: 5. mars på kyrkjekontoret, klokka 1700.**

Skrivar

Regine Borlaug Pettersen